

5626gn

Skule dagen min

Her på skulen så har eg mange venna. Det trur eg du og kommer til og få. Du må alltid ha med deg pennalhus og aldri gløyma og gjer lekser og levera inn lekser. Då får du lapp og dei vil du ikkje a nokon av. Det er veldig viktig å ikkje få fråvær frå skulen for det er ikkje bra. Du får og karakterar på ungdomsskulen der er det viki og jobba bra og følga med i timane for og få best mulig karakter.

Først så begynnar skuledagen med 1 og ein halv time. Etter det så får me eit friminutt der me kan vere med vennane våre og finne på noko kjekt. Me har mange forskjellige fag som matematik, naturfag, gym, norsk, rle, samfunnsfag, valgfag og språkfag. Etter friminuttet så er det ein ny time der du jobbe i 40 minutt. Så er det mat og du kan gå ut i kantina, eller vis du har me deg nista så kan du eta den med vennane dine. Så får du eit langt friminutt der du kan gå i gymmen nokon dagar eller bare snakka me vennane dine.

Så får du ein ny time der du skal jobbe 1 og ein halv time igjen. Så får du eit friminutt der du er ute i ca. 10 minutt. Så har du kommt til den siste og tyngste timen av alle der du kanskje er litt trøtt og lei og du vil egentleg bare heim. Då jobbar du i 45 min der du kanskje som eg og har to dagar der eg har gym i siste time. På ungdomsskulen så har me mykje ute gym og der kan me gjer mange kjekke ting som fotball, frisbee, springing og basketball og mykje meir. Men det er noko du blir vant til og gjere kvar dag og blir bare kjekkare og kjekkar. Men alle dagane er litt forskjellige og ingen er heilt like. Så når du har språk fag det har du to timar i veka og der får du velja eit språk du vil lære eller vil bli betre i en du er. Valgfag der får du velje ting som fysisk aktivitet og helse, sal og sene, elektronikk og litt fleire når du begynner i niende og tiende.

Her fekk du veta korleis dagen på skulen kan vere og eg håpar det kan hjelpe deg når du begynner. Men det er ikkje sikkert du får det heilt likt som meg sida du kanskje velger eit anna språk og valgfag enn meg. Eg har blitt vant til og gå på ungdomsskulen no det trur eg du blir og.